



Foto: Theodor With




Foto: Lene Kristin Bråtejorde

Foto: iStock

# Er du folkemusikar eller spelar orgel?

No kan du søke om å delta i

**PILEGRIM I ORGELSKO (PIO) I OSLO**  
tema: folkemusikk

Ønsker du meir informasjon om Pilegrim i orgelsko?

Ta kontakt med Hildegunn Opstad Smørgrav  
i Kyrkjerådet. Telefon: 23 08 12 59  
Epost: hs484@kyrkja.no.



# PIO I OSLO:

## For kven:

Pilegrim i orgelsko (PIO) I OSLO har tema folkemusikk, og vi søker no etter fire til seks folkemusikkarar (instrument og/eller sang) og fire til seks organistar som vil vere med. Alle i målgruppa, i alderen 6-19 år, er velkomne til å søke. Til akkurat dette pio-prosjektet oppmodar vi særleg ungdommar i alderen 13-16 år til å vere med.

## Tid og stad:

23. – 25. november 2017: Folkemusikk-og orgelmusikkverkstad, Oslo.

2. – 4. mars 2018: Konsert og festivalhøgmesse under Oslo internasjonale kirkemusikkfestival.

Det er ein føresetnad at deltakarane kan vere med dei tre dagane i november og dei tre dagane i mars.

## Korleis bli med:

Du søker opptak til PIO gjennom spelelæraren eller sanglæreren din, anten du til vanleg får undervisning gjennom kyrkja, kulturskulen eller privat. Send kortfatta søknad til Hildegunn Opstad Smørgrav i Kyrkjerådet, på adressa hs484@kyrkja.no  
For meir informasjon, ta kontakt med Hildegunn på telefon 23 08 12 59.

## Kva bør søknaden innehalde:

Fullt namn og fødselsdato til deg som elev, namnet på læraren din, informasjon om kor lenge du har spelt/sunge. Nemn minst tre musikkstykke du har på repertoaret (anten orgelstykke/salmar, slåttar/stev/folketonar eller andre stykke musikk), og skriv eit par linjer om kvifor du har lyst til å delta i PIO I OSLO.

**Søknadsfrist:** 18. oktober 2017

**Svar på søknaden:** Du får svar innen 23. oktober

## Pris:

Kyrkjerådet dekker alle kostnader til reise (rimelegaste reisemåte) og opphold for kvar deltakar. Eleven betaler ein eigenandel på kr. 750,- for å delta i prosjektet. Eleven kan søke økonomisk støtte frå lokale instansar for å få dekka eigenandelen.

## Lærarar:

Desse lærarane er med på Pilegrim i orgelsko (PIO), og vil ta deg med på jakt etter skattar i folkemusikktradisjonen og kyrkjemusikktradisjonen:



Nils Henrik Asheim, organist og komponist.  
Foto: Emile Ashley



Sigbjørn Apeland, organist, impro- og folkemusiker.  
Foto: Magne Sandnes



Unni Løvliid, folkesanger/ kvedar.  
Foto: Ingvil Skeie Ljones



Rasmus Kjorstad, folkemusikar og student.  
Foto: Johannes Selvaag



Henrik Mathias Bechstrøm, kyrkjemusikar og student. Foto: Øyvind Bergh